



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
70/2021	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.08.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-651, FA-Q62	21/292

FØRESPURNAD FRÅ BANE NOR OM TINGLYST BRUKESRETT TIL KOMMUNAL VEG PÅ DALEGARDEN I SAMBAND MED NEDLEGGING AV PLANOVERGANG - DRØFTINGSSAK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Fellesforslag lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV

Formannskapet er positiv til at administrasjonen går i forhandlingar med Bane Nor om tinglyst bruksrett på kommunal veg og ber om at endeleg avtale vert lagt fram for FPØ for endeleg godkjenning.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 70/2021

FPØ - Behandling:

Formannskapet drøfta saka.

På vegne av formannskapet la Kjartan Haugsnes fram eit fellesforslag:

Formannskapet er positiv til at administrasjonen går i forhandlingar med Bane Nor om tinglyst bruksrett på kommunal veg og ber om at endeleg avtale vert lagt fram for FPØ for endeleg godkjenning.

Fellesforslaget vart samråystes vedteke

FPØ - Tiltak/Vedtak:

Formannskapet er positiv til at administrasjonen går i forhandlingar med Bane Nor om tinglyst bruksrett på kommunal veg og ber om at endeleg avtale vert lagt fram for FPØ for endeleg godkjenning.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bane Nor har søkt om å få tinglyst bruksrett til kommunal veg på Dalegarden som erstatning for dagens planovergang. Kommunestyret har nyleg vedtatt å utarbeide reguleringsplan for Dalegarden med tanke på framtidig næringsutvikling i området. Kommunedirektøren legg saka fram til drøfting og ber om tilbakemelding på korleis kommunen skal stille seg til søknaden sett i lys av komande regulering i området.

Bakgrunn for saka

Bane NOR har planar om å leggje ned planovergang ved Dalegarden (Dalevegen 7) for å betre tryggleiken på staden, sjå kart.



I samband med nedlegginga skal Bane NOR erstatte vegtilkomst til fulldyrka jord på gbnr. 22/6. Selskapet har i dette høve vendt seg til Vaksdal kommune ved to høve, om å få tinglyst bruksrett til vegen opp mot Tungelandsløa på Dalegarden for grunneigar, sjå kart. Dette som utgangspunkt for å bygge ny veg fram til den fulldyrka jorda. Bane NOR ynskjer å byrje med arbeidet straks.



Vurdering og konsekvensar

I svarbrev til Bane NOR stiller Kommunedirektøren seg positiv til å inngå avtale om tinglyst vegrett, men viser til vedtaket i kommunestyret om å utarbeide reguleringsplan for Dalegarden med tanke på framtidig næringsutvikling. I dette høvet har tilbakemeldinga vore at kommunen ynskjer å avvente avtale om tinglyst vegrett fram til planen ligg føre, slik at ein veit kva bruk det vert lagt opp til. Grunngjevinga er at det kan bli ein bruk som gjer at vegen opp mot Tungelandsløa fell vekk. Dette kan igjen gje konsekvensar for den tinglyste avtalen. Administrasjonen har signalisert at arbeidet med reguleringsplan vil ta om lag eitt år.

I etterkant av kommunen sitt svar, har bebuarar på Dalegarden vendt seg til kommunen, og uttrykt eit sterkt ynskje om at det vert tilrettelagt for nedlegging av planovergangen så snart som mogeleg. Dette ut frå tryggleiken langs jernbanen og spesielt dagens fløytesignal ved bustadhusa i grensa, som er til stor ulempe og sjenanse. Soleis vil den planlagde nedlegginga av overgangen føre til at fløyting opphører, noko som vil tyde mykje for bumiljøet. Bebuarane oppmodar difor kommunen til å gjere avtale med Bane NOR om tinglyst vegrett med det første, og meinar at eventuelle utfordringar som følgje av framtidig reguleringsplan, må kunne løysast når dei eventuelt oppstår.

Det er ikkje sikkert at planlagt reguleringsplan vil gje følgjer for vegen ved Tungelandsløa, og utfallet er usikkert. Planen treng ikkje føre til at vegen vert endra eller fell vekk. Resultatet kan òg bli at det som følgje av framtidig bruk av området, vert lagt opp til ny vegtrase som samsvarer med den tinglyste avtalen. Dette vil truleg ikkje gje konsekvensar for avtaleforholdet om bruksrett.

Dersom vegen derimot fell vekk som følgje av alternativ arealbruk, og det ikkje lenger er naudsynt med veg, må det høgst truleg som følgje av den tinglyste avtalen, opprettast ny veg som sikrar tilkomsten til den dyrka jorda på gbnr. 22/6. Dette vil då gje ein meirkostnad som vil vere naturleg å ta inn i avtalen med Bane NOR.

Kommunedirektøren ynskjer å avklare med formannskapet om det kan gjerast avtale om tinglyst bruksrett til kommunal veg på Dalegarden, før resultatet av reguleringsplanen for området er klar.

SKISSEKART:

